



Handlingsplan

for Selja kloster og helgenanlegg, og kulturmiljøa på øya Selja

Perioden 2026–2036

Handlingsplanen høyrer til Forvaltingsplan for Selja og kloster og helgenanlegg. Handlingsplanen viser kva for innsats vi skal ha i planperioden åra 2026-2036. Vi skil mellom årlege/ drift, og særskilde tiltak og satsingsområde i planperioden.

Fleire av dei årlege tiltaka med kvit og grøn skjøtsel, krev eksterne midlar for gjennomføring. Nedanfor er det laga ei liste over tiltaka som forvaltingsplanen omtalar, kva som er målet, kven som er ansvarleg og korleis tiltaket er tenkt finansiert. Meir detaljar blir skildra nærare i forvaltingsplanen. Dei ansvarlege partane, knytt til dei ulike tiltaka i handlingsplanen, skal rapportere årleg (hausten) om kva som er gjort.

Handlingsplanen skal evaluerast etter fem år, det vil seie i 2031. Dersom det er behov for det, vil Vestland fylkeskommune, oppdatere og endre satsingsområda i handlingsplanen.

Årleg tilsyn og tiltak etter behov

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
1. Kvit skjøtsel ved kloster og helgenanlegget					
1.1	Kyrkjegarden – innvendige flata	Vedlikehalde steinsettinga på flata. Vurdere bevaringstilhøva til gravsteinen.	Lesbar flate	Kommune/murar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.2	Kyrkjegardsmuren	Sjå til at stein ikkje rasar ut. Vurdere kor vidt det er behov for fuktsikring/topplag med leire på murkronene.	Stabil og sikker tørrmur som ikkje rasar ut.	Kommune/murar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.3	Klosterhagen	Sjå etter endringar/deformasjonar/utrasing av murane rundt klosterhagen. Sjå etter endringar ved hellegangane. Grøn skjøtsel på hellegangane fleire gongar i sommarsesongen.	Stabil og sikker ruin.	Kommune/murar	Post 73 i Statsbudsjettet

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
1.4	Albanuskyrkja og tårnet	<p><u>Tak på tårnet</u>: sjå etter lekkasjar i kopartekkinga og at platene er festa i falsane og taktroa.</p> <p><u>Ytterveggane</u>: sjekke om det er utrasing, manglar det fuger? Ta bilete kvart 5 år og sjå om det er endringa</p> <p><u>Dører og hengsler</u>: er det endringar?</p> <p><u>Innvendige veggjar</u>: ha tilsyn med forvittringshastigheit i olivinstein og gneisen. Samle nedfall og vege det kvart 3 eller 5 år. Halde fram arbeidet med liming (sjå oppskrift i planen).</p> <p>Steintrapp: halde tilsyn kring fukt. Sjekke steinen over trappa som har rune.</p> <p>Golv og trapper i tre: sjekke for råte. Skiftast ut ved behov.</p> <p>Innsida av murane til Albanuskyrkja: sjå til at det ikkje hopar seg opp med vete. Halde tilsyn med hellegangar. Sjekke markeringa av koret.</p>	<p>Tett tak på tårnet.</p> <p>Stabile veggjar som ikkje rasar ut.</p> <p>Hindre at beitedyr ikkje kjem seg inn i tårnet.</p> <p>Hindre opphoping av fukt i veggane.</p> <p>Trygge trapper og golv.</p> <p>Lesbare hellegangar og kor.</p>	Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.5	Vestfløyen	<p>Sjekke for lause steinar og dårlege fuger. Reinsking i murverket for vegetasjon. Halde tilsyn med murkronene.</p>	<p>Stabil og trygg mur.</p>	Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
			Bevare torvdekket på murkronene.		
1.6.	Sørfløyen	Halde ekstra tilsyn med dei spesielle ruindelane. Reparere toppdekke på mur med betong (litt svakare). Rustbehandle hønsenettinga (som er brukt til armering i betongen) ca kvart 10 år. Sjekke muren mot aust for utgliding.	Sikker og stabil ruin.	Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.7	To oppmurte kulpar/vasskjelde og opa veite/Sunnivakjelda på utsida av Særfløyen	Tilsyn. Sjå til at steinar ikkje glir ut.	Stabilitet.	Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.8	Austfløyen med sakristiet	Kontrollere taket. Reinske ut groing i veggane. Halde tilsyn med gitter og hengsler på porten. Slå graset på innsida av gitteret.	Stabil og trygg mur.	Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.9	Gjestehuset/bakeri	Tilsyn med golv, veggjar og murkrone. Tiltak ved behov.	Stabil og trygg mur.	Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.10	Smie/sjukestove	Halde tilsyn med bakkesiget. Gjennomføre tiltak ved behov. Vanleg tiltak for bevaring av murverket.	Stabil og trygg mur.	Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet
1.11	Sti og trapper opp til Sunnivakyrkja	<u>Stien</u> : Sjekke einestokkane. Evt. etterfylling av sand/grus i trappesatsane. Tilsyn av gjerdestolpane. Ta på/av hamptau start/slutt av sesong. Sjå til at vatn ikkje renn i trappesatsane (generell terrengskjøtsel). Løfte opp igjen massar som sig. Sjå til at publikum ikkje lagar «ny» sti.		Kommune/murarar	Post 73 i Statsbudsjettet

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
		<u>Steintrapper:</u> Sjekke stabiliteten i trappene			
2. Grøn skjøtsel ved kloster og helgeanlegget					
2.1 Kantslått – sjå planen for prioritet	<p>Utsida og innsida av ruinane.</p> <p>Klosterstien ved ruinane – frå Klosterågen og opp til ruinane</p> <p>Sti og trapp opp til Sunnivakyrkja</p> <p>Rundt deponihaugane</p> <p>Klosterstien frå ruinane til Bø</p> <p>Porthuset på Buskehaugen</p>	<p>Hald minimum 10 cm avstand frå ruinkant. Slå slik at graset ikkje «sprutar» på ruinane.</p> <p>Sjå planen for omsyn til biologisk mangfald i samband med slått.</p> <p>Gras frå kantslått i kloster- og helgeanlegget deponerast nedanfor anlegget (sjå plan).</p> <p>Slå minimum ein gong per sesong.</p>	Ryddig og lesbar ruin.	<p><u>Innsida av ruinane:</u> kulturarvrådgjevar i Stad kommun/murarar.</p> <p><u>Utsida av ruinane:</u> Kommunen sine sommarhjelper.</p> <p><u>Sti og seintrappene opp til Sunnivakyrkja:</u> kulturarvrådgjevar i Stad kommune/murarar.</p> <p>Klosterstien frå Bø til Klosterågen: sommarhjelpe</p>	Post 73 og andre tilskot ved søknad. Evt inntekter frå turismen.
2.2 Klipping av gras med hagesaks	Veggar – innsida og utsida av ruinane	Klippe graset vekk heilt inntil ruinane. Raudelista artar la stå.	Hindre gjenroing	kommunen	Post 73 og kommunale midlar

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
	På helleleggingar på innsida av ruinane				
	Inne i sakristiet				
2.3 Oppreinsking av bekkeløp/veiter	Langs bergvegg og steintrappa opp til Sunnivakyrkja. To oppmurte kulpar/vassskjelde og opa veite/Sunnivakjelda Klosterstien	Ta vekk oppsamla vegetasjon og avfall. Sjå til at vatn har fritt laup.	Hindre overflauming og erosjon.	<u>kommunen</u>	Post 73 og kommunale midlar
2.4 Kosting	Hellelagt golv i tårnet	Koste vekk laus sand.	Synleg golv	kommune	Post 73 og kommunale midlar
2.5 Fjerning av telys og nye vardar	Sunnivahola	Ta vekk brukte telys og evt steinar som har samla seg opp (td nye vardar)	Ryddig hole	kommune	Post 73 og kommunale midlar
2.6 Sjøppelrydding	På heile øya og holmane ikring. Særskilt ved fjørene.	Samle plast som kjem med sjø og vind.	Reint utan søppel.	Kommune og Skjærgardstenesta	Statleg løyving
2.7 Klippe/sage oppkomst av lauv, bartre og einer.	Skråninga bak gjestehuset/bakeri Porthuset ved Busekhaugen (Klosterstien)	Bruk stor hagesaks/sag	Hindre gjengroing	Kommune	Statlege løyvingar td Post 73, kommunale midlar

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
2.8 Vedlikehald av trelagd sti	Ved gangsti opp mot kyrkjegarden (utsida)	Årleg tilsyn. Skifte ut plankar ved behov.	Unngå slitasje på sti. Trygg sti.		Statlege og kommunale løyvingar
2.9 Støyping/reperasjon	Klosterstien Steinmolo i Klostervågen	Vurdere behov for fleire plattingar. Årleg tilsyn for endringar, særskilt ved innfesting av landgang. Vurdere behov for utbetringar.	Trygg tilkomst.		Statlege og kommunale løyvingar
3. Grøn skjøtsel					
generelt på Selja					
3.1 Lyngbrenning	Lyngheiene	Etter mosaikkmetoden. Sjå i planen	Vedlikehald		Statlege løyvingar
3.2 Beiting	Heile Selja etter avtale med grunneigarar	Med no fens-klavar eller inngjerding.	Ope terreng		Statlege og kommunale løyvingar
3.3 Sjøppel- og strandrydding	Heile Selja og holmane ikring	Systematisk rydding	Hindre forsøpling	Skjærgårdstenestene i samarbeid med Stad kommune	Statlege løyvingar
3.4 Fjerne uønska (svartelista) artar som sitkagran, bergfuru og buskfuru	For det meste på Ilseng, Bø, Nordbø og Ersholmen.	Hogst	Halde kulturlandskapet med kystlyngheia i hevd	Stad kommune, grunneigarar	Statlege og kommunale midlar
3.5 Vegetasjonsskjøtsel (slått av gras, stive grassiv på innmark, lyng, oppkomst av tre osv)	Dei andre automatisk freda kulturminna ved dei etablerte stiane, særskilt ved mellomalder-kyrkjestaden på Bø	Sjå i planen for detaljar	Hindre attgroing	Stad kommune og grunneigarar	Statlege og kommunale midlar
4.Oppsyn og behovsmelding	Alle automatisk freda kulturminna på Selja,	Synfaringar	Unngå stor skade/slitasje	Stad kommune	Kommunale midlar og

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
(bruke sjekklista)	<p>samt for andre viktige kulturminne, særskilt kloster og helgenanlegget og dei automatisk freda kulturminna som ligg ved stiane</p> <p>Skilt og merkepinnar langs stiane</p> <p>Pilegrimsstempela på Bø og i Klostervågen</p> <p>Tekniske installasjonar</p>	Rapportere behov til faggruppemøte på hausten.			statlege løyvingar
2 Vedlikehald av tekniske installasjonar					
5.1	Røysetbua – veggar og tak, solcellene på taket, nettverk, reinhald og tømning av toaletta.	Vurdere etter behov	Funksjonalitet	Stad kommune i samarbeid med grunneigar	Kommunale og statlege løyvingar
5.2	Brygga, flytebrygge og molo i Klostervågen	Vurdere etter behov	Tryggleik	Stad kommune i samarbeid med grunneigar	Kommunale og statlege løyvingar
5.3	Brygga og flytebrygga på Bø	Vurdere etter behov	Tryggleik	Stad kommune	Kommunen
5.4	Informasjonsskilt	Vurdere etter behov	Formidling	Stad kommune	kommunen
5.5	Beitegjerder	Vurdere etter behov	Kontroll på beiteområde	Grunneigarar	SMIL-midlar

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
6. Delta på Samarbeidsfora					
6.1	Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg – 4 gongar i året	Fysiske og digitale møte	Informasjon, kunnskap og openheit.	Stad kommune Vestland fylkeskommune Allstad NIKU Kyrkjene Handtverkarar	Drift
6.2	Nordisk ruinseminar – ann kvart år				
6.3	Samarbeide med RPS Selje og Pilegrimsfelleskapet Sta. Sunniva – årleg møte				
6.4	Samarbeidsmøte med Allstad – årleg møte				
6.5	Fagmøte – ved behov				
7. Formidling					
7.1	Oppdatere/drifte nettside	Praktisk info Reglar/retningsliner Felles arrangement Oppdatere årshjul	Informasjon		
7.2	Vurdere formidlingsmateriell	Etter behov	Informasjon og kunnskapsoverføring	Stad kommune	drift
7.3	Vurdere berekraft knytt til	Følgje med på turiststraumen, setje inn tiltak ved behov	Unngå slitasje på kulturminne og kulturmiljø	Stad kommune	drift

Kva	Kvar	Korleis	Mål	Ansvarleg	Finansiering
	publikumsmassen. Besøksstatistikk.				
8.Handsame nødvendige dispensasjonar					
8.1	Om tiltak innanfor automatisk freda område	Fatte vedtak	Bevaring	Vestland fylkeskommune	drift
9.Ha gjeldande avtalar					
9.1 Skyssebåt og guid	Turistrute	Skriftleg avtale	Føreseielege rammer	Stad Kommune	drift
9.2 Beiting	Selja	Skriftleg avtale	Føreseielege rammer	Stad kommune og grunneigarar	drift
9.3 Kvit- og grøn skjøtsel	Selja	Skriftleg avtale	Føreseielege rammer	Stad kommune/VLFK	
9.4 Turstiavtalar	Selja	Skriftleg avtale	Føreseielege rammer	Stad kommune og grunneigarar	drift
9.5 Hogstavtalar	Selja	Skriftleg avtale	Føreseielege rammer	Stad kommune og grunneigarar	drift

Særskilde tiltak i planperioden

Kva	Kvar	År	Mål	Ansvarleg	Finansiering
1. Rolle og ansvar	Utarbeide: Skjøtselsavtale om grøn og kvit skjøtsel på Selja	2026		Stad kommune og VLFK	Drift

Kva	Kvar	År	Mål	Ansvarleg	Finansiering
	mellom Stad kommune og VLFK Skjøtselsavtale med grunneigarane Avtale mellom Allstad og Stad kommune	2026 2026	Forsvarleg bevaring av automatisk freda kulturminne på Selja Formalisere ansvar og roller Formalisere ansvar og roller	Stad kommune Stad kommune og Allstad	
2. Utarbeide sjekklister	For tilsyn og behovsmeldingar	2026	Oversikt over tilstand og utbetningsbehov	Stad kommune	Drift
3. Sikre stabil tilgang på kvalitetsmørtel til konserveringsarbeidet	Frå Vestlandet	2026	Haldbar og pustande mørtel	Stad kommune i lag med murarar	Drift
4. Hogst	Fjerne bartre frå gravhaugen på Ilshaug og ved kystlyngheia. Fjerne oppkomst av lauvtre ved stiar og publikumsområdet.	2026	Få fram igjen siktlinene til og frå gravrøysa	Stad kommune i samarbeid med grunneigarar	Statlege løyvingar
5. Restaurere gravhaug	Fjerne «hytta» i gravhaugen på Ilshaug og tilbakeføre/restaurere gravrøysa	2026	Bevaring av automatisk freda kulturminne	Stad kommune, Universitetsmuseet i Bergen og VLFK	Statlege løyvingar
6. Endre vernestatus	For kulturminne som kan vere automatisk freda. Gjeld for id	2026	Sikre vern	VLFK	Drift

Kva	Kvar	År	Mål	Ansvarleg	Finansiering
	180141, 180142 og 135373				
7. Gjere fleire undersøkingar	ved Heimen	2030	Få meir kunnskap om området	VLFK i samarbeid med Stad kommune	Statlege løyvingar
8. Starte opp prosjekt med å registrere nyare tids kulturminne	Selja	2030	Auke kunnskapen om nyare tids kulturminne på øya	Stad kommune i samarbeid med VLFK	Statlege løyvingar
9. Sjå på korleis nokre (5-6) hjortar kan få «overleve» og beite på øya.	Selja	2027	Bevaring av kulturlandskap	Stad kommune og grunneigarar	Drift
10. Kartlegge utbetningsbehov for kaiene på Bø og Klostervågen	kaiene	2027	Sikre kaiar	Stad kommune	Drift
11. Gjennomføre utbetning av kaiene i tråd med kartlegginga	kaiene	2028-2030	Sikre kaiar	Stad kommune i samarbeid med Allstad (Klostervågen)	Statlege og kommunale løyvingar, Allstad
12. Vurdere behov for forbrenningstolett	i Røysetbua for å minimere avfall	2029	Energisparing	Stad kommune og Allstad	Statlege og kommunale midlar
13. Etablere reglar for bruk	av Røysetbua	2027	Ordna tilhøve for bruk	Stad kommune	Drift
14. Jobbe for å få lys	i Røysetbua	2027	Fleirbruk	Stad kommune og Allstad	Drift/statlege løyvingar
15. Avklare kvar ein kan lagre utstyr i samband med arrangement	på Selja	2027	Ordna tilhøve	Stad kommune og kyrkjene	Drift
16. Etablere sjølvbeteningskiosk	i Røysetbua	2028	Service og ekstraintekter	Stad kommune	Kommunale og statlege løyvingar

Kva	Kvar	År	Mål	Ansvarleg	Finansiering
17. Etablere ventebu og toalett	På Bø	2027	Service	Stad kommune	Kommunale og statlege løyvingar
18. Etablere ein stad/rom der ein kan tenne lys (for å avlaste Sunnivahelleren), og ei vippsordning for dei som ynskjer å bidra ekstra til bevaring av kulturminne på Selja	Bø	2028	Tilrettelegging	Stad kommune i samarbeid med Selje pilegrimssenter	Kommunale og statlege løyvingar
19. Starte med å arrangere Seljsymposium	I Selje – ha det som årleg tiltak	2026	Auke kunnskapen om Selja og å skrive forskningssøknader	Stad kommune	Kommunale og statlege løyvingar
20. Nettsidejobbing	Tydeleg kontaktinformasjon Informasjon om HMS og korleis folk skal ferdast ved ruinane Bandtvang droneforbod Lage årshjul for arrangement og korleis ein kan melde planlagde arrangement	2026-2027	Tydeleg og god informasjon til besøkande på Selja	Stad kommune	Drift
21. Etablere formidlings- og kunnskapssenter	Selje	2026-2030	Formidling	Stad kommune	Statlege og kommunale løyvingar
22. Samarbeide med forskingsinstitusjonar	Om Selja	Heile planperioden	Auka kunnskap og blest om historikken til Selja	Stad kommune, NIKU, Universitetet i Bergen m.fl.	Statlege og kommunale løyvingar

Kva	Kvar	År	Mål	Ansvarleg	Finansiering
23. Samarbeid med Stad 4000 år	Stad	Heile planperioden	Auka kunnskap	Stad kommune i samarbeid med næringslivet	Statlege og kommunale løyvingar
24. Lage skiltplan og formidlingsplan	for Selja, som òg handterer besøkande utan guide – vurdere audio- og digital formidling	2027	Formidling ut til felst mogleg	Stad kommune	Statlege og kommunale løyvingar
25. Etablere reglar knytt til telting/grilling	Nordvestsida av Selja	2026	Hindre villcamping	Stad kommune og grunneigar	Drift
26. Opparbeiding av båtfeste og grillplass	Ersholmen	2028	Legge til rette for lokalt turmål	Stad kommune i samarbeid med frivillige	Statlege og kommunale løyvingar
27. Universell utforming så langt det let seg gjere	Selja	Heile planperioden	UU-tilpassing	Stad kommune	Statlege og kommunale løyvingar
28. ROS	Utarbeide ein kommunal ROS for Selja, og integrere Selja i den kommunale beredskapsplanen	2027-2028	Trygg formidling	Stad kommune	Statlege og kommunale løyvingar
29. Utarbeide tolegnseanalyse	for besøkande på Selja – installere teljarar ved begge kaiene og overføre grunnlaget til KPA og KPS	2027-2028	Berekraftig besøksforvaltning	Stad kommune	Statlege og kommunale løyvingar
30. Vurdere områdefreding etter kml § 19	Selja	2030	Sette rammer for besøk ved behov.	VLFK	Drift

Kva	Kvar	År	Mål	Ansvarleg	Finansiering
31. Overføre retningslinene frå forvaltningsplanen til KPA og KPS	Retningslinene i forvaltningsplanen	2026-2027	Berekraftig forvaltning	Stad kommune	Drift
32. Evaluere handlingsplanen	Handlingsplanen	2031	Oppdatere tiltaksbehov	VLFK i samarbeid med Stad kommune	Drift

